

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 08.07.2015

Vår ref.: 200801536-23

Arkiv: 312 / 093

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Birgitte M W Kjelsberg

Myklebust sameige – Søknad om løyve til å byggje Røfsdalselva kraftverk i Vanylven kommune i Møre og Romsdal – avgrensa høyring

NVE har motteke ein ny søknad frå Myklebust sameige datert 5.3.2015, om løyve til å byggje Røfsdalselva kraftverk i Vanylven kommune.

Røfsdalselva kraftverk vil nytte eit fall på 200 m i Ripsdalselva frå inntaket på 215 moh. til kraftstasjonen på 15 moh. Tilløpsrøyret blir 2200 m langt, og er planlagt nedgrave langs vestsida av Ripsdalselva. Det må byggast ny permanent veg for tilkomst fram til kraftstasjonen og til inntaket på om lag 20-40 m. Middelvassføringa er 1,6 m³/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 2,35 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3,78 MW, noko som vil gje ein årleg produksjon på 15 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 2400 m lang elvestrekning i Ripsdalselva. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 236 l/s heile året.

Røfsdalselva kraftverk fekk konsesjon i 2009, og søkjer nå om fornying av utgått konsesjon. Søknaden er lik med unntak av økt slukeevne i kraftverket, lågare minste driftsvannføring og ny inntaksløysing for å ta vare på anadrom fisk i elva. Dei meiner òg at vassføringa i elva er om lag 10 % høgare enn tidlegare antake.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Røfsdalselva kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker. Søknaden vert ikkje kunngjort av NVE sidan det er ei avgrensa høyring.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **1.9.2015**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Birgitte M W Kjelsberg
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Mottakerliste:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Myklebust elveeigarlag
Møre og Romsdal fylkeskommune
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
Vanylven kommune

Kopi til:

Leon Stranden